

## Opningstider på miljøstasjonane i 2015

Miljøstasjonane er *stengde* på heilagdagar.  
Endra opningstider ved høgtider framgår nedanfor.

**SKJÅK: onsdag kl. 12 – 18** (tlf. 975 54 744)

**Påske:** Onsdag 1. april: kl 12 – 15.

**LOM: torsdag kl 12 – 18** (tlf. 975 54 744)

**Påske:** Måndag 30. mars: kl 12 – 18 (i staden for 02.04).

**Kristi himmelfart:** Måndag 11. mai: kl 12 – 18  
(i staden for 14.05).

**Jul:** Måndag 21. desember: kl 12 – 18  
(i staden for 24.12).

**VÅGÅ: tysdag kl 12 – 18 og fredag kl 12 – 15**

Tlf Vågå miljøstasjon: 975 54 744

**OTTA: tysdag og torsdag kl 12 – 18**

Tlf Myrmoen miljøstasjon: 975 54 743

**Jul:** 24. desember: STENGT

**DOMBÅS: måndag og onsdag kl 12 – 18**

**Påske:** Onsdag 1. april: kl 12 – 15

Tlf Jora miljøstasjon: 975 54 743.

**BJORLI: 1. laurdag i kvar måned, kl 10 – 14**

Tlf. Bjorli miljøstasjon: 975 54 743.

## Brukthandel på Dombås!

Du er velkommen til å besøke vår spennande brukthandel på Jora miljøstasjon på Dombås. Kjør E136 frå Dombås sentrum, 1,8 km mot Lesja. Tlf 975 54 743.

**Open onsdag kl. 12 – 18**

**Påske:** Onsdag 1. april: kl 12 – 15

## Bruktbue i Skjåk

Man.–fre.: kl. 09.00–16.30 • lør: kl. 10.00–14.00.

Du ser oss på: [facebook.com/bruktbue](https://www.facebook.com/bruktbue)

Vi har store lokaler med mye fint, i gammelt og nytt.

Adresse: Industrivegen 60

(innkøyring via Skamsarvegen)

DEI GODE HJELPARANE • tlf. 920 22 825

## Brukte sekkestativ

NGR tilbyr også pent brukte sekkestativ av same type som det er bilde av på denne sida.

Pris: kr 490,- inkl. mva.

Kontakt din miljøstasjon for nærare opplysningar.

## Din kontaktperson i kommunen for renovasjonsspørsmål:

tlf. kommunen/direkte

<b>Skjåk</b>	Per Dagsgard	61 21 70 00/61 21 70 22
<b>Lom</b>	Leif Morten Plassen	61 21 73 00/61 21 73 28
<b>Vågå</b>	Servicetorget	61 29 36 00
<b>Sel</b>	Bjørn Aabakken	61 70 07 00/977 38 314
<b>Dovre</b>	Tor Ivar Hovhaugholen	61 24 21 00/61 24 21 45
<b>Lesja</b>	Johan Lyftingsmo	61 24 41 00/61 24 41 25

Spørsmål om endring av abonnement, gebyrbetaling m.m. skal rettast til **din kommune**.

<b>NGR</b>	Oddbjørn Einbu	61 24 21 00/480 38 444
	Siv Joramo	61 24 21 00/61 24 21 11
	Pål Sverre Andgard	61 24 21 00/909 24 111
	e-post til NGR: <a href="mailto:post@ngr.no">post@ngr.no</a>	

## Kven er din renovatør?

<b>Skjåk</b>	Melby Transport AS	tlf. 61 21 37 00
<b>Lom</b>		
<b>Sel</b>		tlf. 415 34 880
<b>Dovre</b>	Bjarne Øverland AS	415 34 881
<b>Lesja</b>		
<b>Vågå</b>	Olav Tenden Transport AS	tlf. 468 31 470

Spørsmål om avfallshenting og utlevering av søppelsekk, skal rettast til renovatøren.

## Treng du sekkestativ?

Nå får du kjøpt fine sekkestativ på alle miljøstasjonane.

**Pris inkl. mva. kr. 1 300,-**

(Mot kontant betaling, eller betaling med kort.)



## Henteavstand inntil 10 meter

Sekken eller stativet kan stå inntil 10 meter frå køyre-ruta for renovasjonsbilen.

Sekk som ikkje står i stativ må vernast mot fugl og dyr på annan høveleg måte (dette er abonnenten sitt ansvar). Ved henting må den vera atknytt. Sekk som står i stativ blir henta sjølv om den ikkje er atknytt.

**Overfylt sekk blir ikkje henta. Max. vekt 20 kg**

## Ekstra henteavstand

Du kan også få sekken henta lenger frå henteruta enn 10 meter, mot tilleggsbetaling:  
10–20 m: kr. 500,- pr. år. 20–30 m: kr. 815,- pr. år  
Kontakt NGR eller din kommune.


## Sortert avfall som kan leverast gratis\* til miljøstasjonen:

\*) **gratis for husstandane** (tenesten er allereie betalt gjennom det kommunale renovasjonsgebyret)  
Bedriftene betaler etter egne satsar: sjå [www.ngr.no](http://www.ngr.no) (bedriftene er ikkje pålagt kommunalt renovasjonsgebyr)

<b>Papir</b> Aviser, vekeblad, brosjyrer o.l. Papiret skal vera reint og tørt. (NB: julepapir er restavfall) <b>Bruk ikkje snøre</b> til innpakking, men lever papiret laust i pappesker el.l.	<b>Papp</b> Bølgepapp, massivpapp, pappkasser, brunt omslagspapir, pizzaesker o.l.  Pappen skal vera rein og tørt.	<b>Drikkekartong</b> Mjølkekartong, dessertkartong, juicekartong o.l.  (Skyl kartongane, press dei godt saman og pakk dei i ein attsnørt plastbepose)
<b>Glas- og metallemballasje</b> Reingjort glas- og metallemballasje til mat- og drikkevarer. Klart og farga glas kan blandast.  (Ikke: porselen, keramikk, leirpotter, vindusglas, målingsboksar)	<b>Plastfolie</b> Gjeld berre <b>plastfolie</b> (ikkje plastbeger, plastflasker o.l. Dette skal i restavfallet og blir gjenvunne som energi)  Plastfolien du leverer på miljøstasjonen kan vera farga eller klar. Den skal vera rein, og pakka i plastbeposar el.l.	<b>Klede/tekstilar</b> Klede, tekstilar og sko. Skal vera pent brukt, reint og tørt. Pakka i plastsekk.  (Sekken blir ikkje opna før den kjem til FRETEx i Trondheim)
<b>Hageavfall</b> Organisk hageavfall som gras, lauv, greiner og røter (reinsa for stein)	<b>Farleg avfall</b> Måling, lim, spillolje, oljefilter, oppladbare batteri, lysrør, sparepærer, golvbelegg, isolerruter med PCB og klorparafinar o.l. (tomme målingsboksar er jern/metall) <b>(Mottek ikkje:</b> medisinar, smittefarlege stoff og eksplosivar) <b>Asbest og impregnert material</b> (sjå nedanfor) er også farleg avfall. Ei samla mengde farleg avfall på <b>inntil 400 kg</b> pr. år pr. abonnent (eller den mengda nye forskrifter beskriv) er gratis. Denne mengda omfattar også asbest og impregnert material. Mengde ut over dette skal det betalast for til vanleg pris.	<b>Kvitevarer/EL-avfall</b> Alle typar elektriske artiklar, TV, data, kabel osv.
<b>Bildekk</b> Dekk utan felg	<b>Blybatteri</b> Vanlege blybatteri for bil, traktor, solcellepanel o.l.	<b>Jern/metall</b> Reint metallisk materiale, som jern, metall, aluminium o.l.

## Avfall som kan leverast til miljøstasjonen mot betaling\*

\*) prisane gjeld for private husstandar og er inkludert **25% mva**. Bedriftene betaler etter egne satsar: sjå [www.ngr.no](http://www.ngr.no)  
Dersom det er vekt tilgjengeleg på miljøstasjonen, blir det betalt etter vekt. Hvis ikkje blir det betalt etter volum (m<sup>3</sup>).  
**Bruk helst betalingskort!** (Skal du ha tilsendt rekning blir det kr. 50,- i ekspedisjonsgebyr).

<b>Restavfall/grovavfall</b> (blanda avfall) <b>kr. 300,- pr. m<sup>3</sup>/</b> kr. 1.500,- pr. tonn (minstepris pr. leveranse: kr. 40,-)	<b>Impregnert material</b> Kreosot- og trykkimpregnert <b>kr. 337,- pr. m<sup>3</sup>/</b> kr. 2.250,- pr. tonn «Gratisvot» – sjå under «Farleg avfall» ovanfor	<b>Asbest</b> Vegg- og takplater av asbestsement. (Skal vera forskriftsmessig pakka i plast og leverast på pall) <b>kr. 1.875,- pr. m<sup>3</sup>/</b> kr. 1.250,- pr. tonn «Gratisvot» – sjå under «Farleg avfall» ovanfor
<b>Treverk</b> Bygge- og rivingsmaterial (kan innehalde spikar og måling) <b>kr. 93,75 pr. m<sup>3</sup>/kr. 625,- pr. tonn</b> (mindre enn 1 m <sup>3</sup> /100 kg er gratis)	<b>Isolervindu med PCB</b> Isolerruter produsert før 1975 (sjå årstal i metallramme) kan innehalde PCB og skal leverast som farleg avfall. Gratis for hushaldningar. Næring: pris etter avtale.	Prisar og vilkår gjeld for året 2015.
<b>Reine masser</b> Betong, murverk, stein, jord, porselen, leirpotter, vindusglas. <b>kr. 500 pr. m<sup>3</sup>/kr. 250,- pr. tonn</b> (mindre enn 0,25 m <sup>3</sup> /500 kg er gratis)	<b>Bildekk på felg</b> <b>Kr. 35,- pr. stk</b> (personbildekk)	 <b>Nord-Gudbrandsdal Renovasjonsselskap</b> <a href="http://www.ngr.no">www.ngr.no</a>